

Kommunar i Hordaland

Ordførarar / Rådmenn

Kopi: Norges friidrettsforbund
Hordaland friidrettskrets
Klubbar i Hordaland Friidrettskrets
Hordaland Fylkeskommune
Idrettsråda i kommunane

Resolusjon om reell medverknad for friidretten i kommunal saksgang, kommunale idrettsanlegg.

Nedanfor fylgjer resolusjon - om ovanfor nemnde sak - vedteken på Kretstinget til Hordaland friidrettskrets 18. mars 2017.

Forklaring til samlebegrep som er brukt i dette skrivet og i resolusjonen.

- Friidretten - frittstående friidrettsklubbar og "allidrettslag".
- HFIK - Hordaland friidrettskrets.
- ALU - Anleggsutvalet i Hordalands friidrettskrets.
- NFIF - Norges friidrettsforbund.
- KUD - Kyrkje og undervisningsdepartementet.
- IR - Idrettsråda

Bakgrunnen for resolusjonen:

Våren og summaren 2016 og vinteren 2017 gjennomførde ALU i HFIK synfaringar på alle idrettsanlegg som er registrert i Hordaland i KUD sitt register.

På synfaringane kom det fram at:

1. På ein del anlegg var det gjort bruksendringar/omdisponering av areal på anlegg til fordel for andre idrettar som medføre dårlegare høve/ kraftig redusert til å driva med friidrettsaktivitetar.
2. I planlegging av nye anlegg var friidretten ikkje involvert (endå friidrett burde ha sin naturlege plass på anlegget), utan at friidretten var informert/teken med på råd.

Dette er situasjonar som friidretten ikkje kan leva med, i tillegg skapar det unødig støy og motsetningar i lag/kommunar.

HFIK vonar at friidretten får sin naturlege plass i bruksendringar og nyetablering av anlegg.

Alle som arbeidar med å leggja til rette for gode idrettstilbod, er tent med eit godt og tillitsfult samarbeid mellom dei ulike partar.

HFIK skal gjer det me kan for å oppnå dette.

Resolusjon om reell medverknad for friidretten i kommunal saksgang vedkomande kommunale idrettsanlegg.

Hordaland friidrettskrets (HFIK) vedtok på tinget 18. mars 2017 om å senda fylgjande resolusjon til alle kommunar og friidrettslag i Hordaland.

Resolusjonen gjeld:

1. Bruksendring / omdisponering av areal på eit idrettsanlegg til andre idrettar som forringar tilbodet til friidrettsaktivitar.
2. Planlegging av nye anlegg der friidrett bør inngå som ein naturleg del av totaltilbodet på eit nytt anlegg.

HFIK ber om at friidretten må få delta på/få:

- informasjonsmøte/drøftingar
- koma med eventuelle merknadar
- delta i planprosessane som likeverdig partner (arealfordeling/arealdisponering, type underlag/materialval etc).
- få eit medlem i ei eventuell styringsgruppe/plannemnd.

Fremma av Anleggsutvaletv/Helge Brekke til kretstinget for HFIK 18. mars 2017

Bergen 18. mars 2107

For Hordaland Friidrettskrets

Helge Brekke
Utvalgsleder – anleggsutvalget
Sign.